



Ferde AS  
Postboks 2623  
5068 BERGEN

Dykkar ref.: Vår ref.: 17/197-22 Arkivkode: K1 - 205 Dato: 18.05.2018

**Sal av aksjar i Hardangerbrua AS**

Vedtaksmynde: Ordføraren

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.: .....

**ORDFØRAREN SITT VEDTAK**

I medhald til heradsstyresek 015/18 frå 21.3.18 gjer ordføraren slikt vedtak:

1. Granvin herad sel sin aksje i Hardangerbrua AS til Ferde AS.
2. Granvin herad godkjenner nytt takst- og rabattsystem, men ynskjer at eigarkommunane i lag med fylkeskommunen og Ferde AS ser på passeringstaket på nytt.
3. Granvin herad støtter Ullensvang heradsstyre sitt krav om evaluering av ordninga, dersom endringane fører til utilsikta økonomiske konsekvensar.

**FAKTA:**

Granvin herad ynskte ikkje å gjere vedtak i sak om sal av aksjane i Hardangerbrua før ein visste korleis dei andre aksjonærane (kommunane i Hardanger) stiller seg til sal.

Granvin heradsstyre gjorde fylgjande vedtak

**HS- 015/18 Vedtak:**

1. Granvin herad sel aksjane sine i Voss- og omland bompengeselskap AS til Ferde AS.
2. For Voss- og omland bompengeselskap sluttar Granvin herad seg til seg den nye takst- og rabattstrukturen i tråd med Prop.1 tillegg 2 (2015-2016) as og slik det kjem fram i brev frå Hordaland fylkeskommune 20.2.18.
3. Granvin herad sel ikkje aksjane i Hardangerbrua AS.
4. Granvin heradsstyre delegerer til ordføraren å vurdere sal av aksjane i Hardangerbrua og eventuelt slutta seg til nytt takst- og rabattsystem i samråd med dei andre aksjonærkommunane i Hardanger.

Ullensvang herad gjorde fylgjande vedtak 14.5.18 i sak HST- 30/2018:



**Postadresse:**  
Postboks 13, 5733 Granvin  
**Besøksadresse:**  
Hardangervegen 2581

**Telefon:**  
56 52 40 00  
**E-post:** postmottak@granvin.kommune.no  
**Internettseite:** www.granvin.kommune.no

**Org.nr.:**  
844162502  
**Bankkontonr.:**  
6501 05 67305

1. Ullensvang herad sel sine aksjar i Hardangerbrua AS til nytt regionalt bompengeselskap Ferde AS.
2. Ullensvang heradsstyre godkjenner nytt takst- og rabattsystem, men ynskjer å sjå på eit passeringstak på nytt, eigarkommunane i lag med fylkeskommunen og Ferde AS.
3. Ullensvang heradsstyre legg til grunn at det vert ei snarleg evaluering, dersom endringane fører til utilsikta økonomiske konsekvensar.

Ulvik formannskap gjorde slikt vedtak 29.5.18

1. Ulvik herad sel sine aksjar i Hardangerbrua AS til nytt regionalt bompengeselskap Ferde AS.
2. Ulvik heradsstyre godkjenner nytt takst- og rabattsystem, men ynskjer å sjå på eit passeringstak på nytt, eigarkommunane i lag med fylkeskommunen og Ferde AS.
3. Ulvik heradsstyre legg til grunn at det vert ei snarleg evaluering, dersom endringane fører til utilsikta økonomiske konsekvensar.
4. Saka vert lagt fram for formannskapet som ei hastesak, jfr Kommunelova §13 og i tråd med gjeldande delegasjonsreglement for Ulvik herad. Vedtak fra formannskapet vert lagt fram som meldingssak til Heradstyret.

Eidfjord kommunestyre gjorde likelydande vedtak 28.5.2018.

#### **VURDERING:**

Ordføraren føreset at vedtaket i Granvin heradsstyret innber mynde til å selje aksjane i Hardangerbrua.

På bakgrunn av vedtak i Ullensvang, Ulvik og Eidfjord vel Granvin herad å selje aksjane sine i Hardangerbrua og godkjenna nytt takst og rabattsystem med den føresetnaden som ligg i vedtaket.

Med helsing

Ingebjørg Winjum  
Ordførar  
Direkte innval: 40403863